



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 155 876
Organisasjonsform: Interkommunalt selskap
Foretaksnavn: INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS
Forretningsadresse: Bjørkemoen 60
5709 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Stein Kvarekvål
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 21.07.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Sum salgsinntekter	1	34 253 755	39 994 875
Andre inntekter	1	44 109 761	33 238 512
Sum inntekter		78 363 516	73 233 387
Kostnader			
Personalkostnader	3	27 432 090	32 039 466
Avskrivninger	4	5 187 958	5 901 451
Innsamling, transport		11 188 543	10 373 156
Avfallshandsaming	2	15 574 948	16 820 018
Andre driftskostnader	3	9 623 673	8 707 912
Sum kostnader		69 007 212	73 842 003
Driftsresultat		9 356 304	-608 616
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		241 254	404 936
Sum finansinntekter		241 254	404 936
Nedskrivning av finansiele anl.midla			1 500 000
Annan rentekostnad		218 924	411 691
Annan finanskostnad		1 408 582	
Sum finanskostnader		1 627 506	1 911 691
Netto finans		-1 386 252	-1 506 755
Ordinært resultat før skattekostnad		7 970 052	-2 115 371
Skattekostnad	8	-717 783	-200 203
Ordinært resultat etter skattekostnad		8 687 835	-1 915 168
Årsresultat		8 687 835	-1 915 168
Overføringer og disponeringar			
Sum disposisjoner	9	8 687 835	-1 915 168
Sum overføringer og disponeringar	9	8 687 835	-1 915 168



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
---------------------	-------------	-------------	-------------



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	8	3 143 670	2 425 887
Sum immaterielle egedelar		3 143 670	2 425 887
Varige driftsmiddel			
Varige driftsmidler	4	25 236 447	30 593 079
Sum varige driftsmiddel		25 236 447	30 593 079
Finansielle anleggsmiddel			
Finansielle anleggsmidler	6	1 475 460	6 968 494
Sum finansielle anleggsmiddel		1 475 460	6 968 494
Sum anleggsmiddel		29 855 577	39 987 460
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		688 530	1 276 850
Sum varer		688 530	1 276 850
Krav			
Fordringar		5 293 059	5 978 965
Forsk. betalte kostnader oa.		430 289	1 248 976
Sum krav		5 723 348	7 227 941
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Kontantar, bankinnskot		41 451 482	22 504 013
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		41 451 482	22 504 013
Sum omløpsmiddel		47 863 360	31 008 804
SUM EIGEDELAR		77 718 937	70 996 264

BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	7,10	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Opptjent eigenkapital	10	30 064 435	21 376 599
Sum opptent eigenkapital		30 064 435	21 376 599
Sum eigenkapital		30 164 435	21 476 599
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Avsetjing forpliktingar	11	20 814 059	19 777 061
Sum avsetjingar for plikter		20 814 059	19 777 061
Anna langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	5	18 500 780	21 213 410
Sum anna langsiktig gjeld		18 500 780	21 213 410
Sum langsiktig gjeld		39 314 839	40 990 471
Kortsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld		8 239 663	8 529 194
Sum kortsiktig gjeld		8 239 663	8 529 194
Sum gjeld		47 554 502	49 519 665
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		77 718 937	70 996 264



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2022 578858

Enheten

Organisasjonsnummer: 971 155 876
Organisasjonsform: Interkommunalt selskap
Foretaksnavn: INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS
Forretningsadresse: Bjørkemoen 60
5709 VOSS

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Stein Kvarekvål
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 28.03.2022

Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 06.07.2022



Organisasjonsnr: 971 155 876
INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Sum salgsinntekter	1	34 253 755	39 994 875
Andre inntekter	1	44 109 761	33 238 512
Sum inntekter		78 363 516	73 233 387
Kostnader			
Personalkostnader	3	27 432 090	32 039 466
Avskrivningar	4	5 187 958	5 901 451
Innsamling, transport		11 188 543	10 373 156
Avfallshandsaming	2	15 574 948	16 820 018
Andre driftskostnader	3	9 623 673	8 707 912
Sum kostnader		69 007 212	73 842 003
Driftsresultat		9 356 304	-608 616
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		241 254	404 936
Sum finansinntekter		241 254	404 936
Nedskrivning av finansiele anl.midla			1 500 000
Annan rentekostnad		218 924	411 691
Annan finanskostnad		1 408 582	
Sum finanskostnader		1 627 506	1 911 691
Netto finans		-1 386 252	-1 506 755
Ordinært resultat før skattekostnad			
Skattekostnad	8	-717 783	-200 203
Ordinært resultat etter skattekostnad		8 687 835	-1 915 168
Årsresultat		8 687 835	-1 915 168
Overføringer og disponeringar			
Sum disposisjoner	9	8 687 835	-1 915 168
Sum overføringer og disponeringar	9	8 687 835	-1 915 168



Organisasjonsnr: 971 155 876
INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Utsett skattefordel	8	3 143 670	2 425 887
Sum immaterielle egedelar		3 143 670	2 425 887
Varige driftsmiddel			
Varige driftsmidler	4	25 236 447	30 593 079
Sum varige driftsmiddel		25 236 447	30 593 079
Finansielle anleggsmiddel			
Finansielle anleggsmidler	6	1 475 460	6 968 494
Sum finansielle anleggsmiddel		1 475 460	6 968 494
Sum anleggsmiddel		29 855 577	39 987 460
Omløpsmiddel			
Varer			
Varer		688 530	1 276 850
Sum varer		688 530	1 276 850
Krav			
Fordringar		5 293 059	5 978 965
Forsk. betalte kostnader oa.		430 289	1 248 976
Sum krav		5 723 348	7 227 941
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Kontantar, bankinnskot		41 451 482	22 504 013
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		41 451 482	22 504 013
Sum omløpsmiddel		47 863 360	31 008 804
SUM EIGEDELAR		77 718 937	70 996 264
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Innskoten eigenkapital	7,10	100 000	100 000
Sum innskoten eigenkapital		100 000	100 000
Opptent eigenkapital			
Opptjent eigenkapital	10	30 064 435	21 376 599



Sum opptent egenkapital		30 064 435	21 376 599
Sum egenkapital		30 164 435	21 476 599
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Avsetjing forpliktingar	11	20 814 059	19 777 061
Sum avsetjingar for plikter		20 814 059	19 777 061
Anna langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	5	18 500 780	21 213 410
Sum anna langsiktig gjeld		18 500 780	21 213 410
Sum langsiktig gjeld		39 314 839	40 990 471
Kortsiktig gjeld			
Kortsiktig gjeld		8 239 663	8 529 194
Sum kortsiktig gjeld		8 239 663	8 529 194
Sum gjeld		47 554 502	49 519 665
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		77 718 937	70 996 264



Organisasjonsnr: 971 155 876
INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note

Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp etter regnskapsloven. Regnskapsloven for små foretak er fulgt.

Note

Tal på årsverk i rekneskapsåret
32.00

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.

Konsernrekneskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - føretak i samme konsern Årets Fjorårets

Samla beløp - felles kontrollert verksemd Årets Fjorårets

Pantstillingar Beløp

Behaldning av eigne aksjar Tal på aksjar Pålydande Andel av aksjek.



VESTLANDS revisjon

Til representantskapet i
Indre Hordaland Miljøverk IKS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon med atterhald

Vi har revidert Indre Hordaland Miljøverk IKS sin årsrekneskap som viser et overskot på kr 8.687.836. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen eit dekkande framstilling av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Norge, med unntak av verknad av forhold som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med atterhald»

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Selskapet har ved endring av eigarsamansetninga seld anleggsmidlar til utmeld eigar jf. avtale. Det er ikkje dokumentert at selde driftsmidlar høyrar til anleggsgruppa som er redusert i balansen. Verdien er redusert med om lag kr. 3.088.000,- i bokført verdi anleggsmidlar. Inntekta burde etter vårt syn vore tilsvarende høgare. Saka har også påverknad på avsetnad til sjølvkostfond.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i årsrapporten. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom



VESTLANDS revisjon

årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gir ei dekkande framstilling i samsvar med rekneskapslova sine regler, tilleggsbestemmingar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet sin evne til fortsett drift og opplyse om forhold av betydning for fortsett drift. Forutsetninga om fortsett drift skal vera lagt til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at selskapet vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver¹ og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Voss, 25.03.2022

Elin Bye

Statsautorisert revisor

(elektronisk signert)

¹ <https://revisorforeningen.no/fag/ny-revisorlovgivning/nyheter-ny-revisorlov/revisors-oppgaver-og-ansvar/>



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Elin Bye

Statsautorisert revisor

På vegne av: Vestlandsrevisjon IKS

Serienummer: 9578-5993-4-1740859

IP: 85.200.xxx.xxx

2022-03-26 09:09:51 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: ZU748-XTEL3-WL04-0IE2K-07TEU-PZOSN

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?


Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Årsmelding 2021





Innhald

- 3. Tilbakeblikk 2021
- 4. Representantskapet
- 5. Styret
- 6. Tilsette
- 7. Avfallsstatistikk
- 10. Styret si årsmelding 2021
- 14. Resultatregnskapen 2021
- 15. Balanse 2021
- 16. Notar
- 21. Revisormelding



På vegen på naturen si side i Ulvik.

Tilbakeblikk 2021

IHM legg bak seg eit spanande år på mange område. I juli skipa IHM og Bir selskapet Biosirkel vestland AS som skal ha som mål å produsera energi og biogjødsel av organisk avfall. IHM er svært stolte av at denne satsinga vart trekt fram i EY sin rapport som omhandlar grøn region vestland sine prioriterte sirkulære prosjekt.

Sjølv om IHM er liten i økonomisk storleik, syner drifta god utvikling i dei viktige områda som gjer at IHM kan levere gode tenester i åra framover. Gjennom å ta i bruk dei digitale moglegheitane som er kan IHM både få eit større eigarskap til avfallet samtidig som ein kan ta ut gode synergjar økonomisk

Etter ein hektisk innspurt rundt årsskiftet er det siste store byggjeprojektet i Voss sentrum no ferdigstilt, Det nye trafikknutepunktbygget vart overlevert i starten på 2022. Hyttebyggjinga både på Voss og i Sysendalen i Eidfjord kommune har berre auka på, og det er forventta framleis vekst i åra som kjem, IHM er godt representert begge stader.

Men me ser også at IHM har fleire oppdrag lenger vekk enn før, Mauranger, Tokagjelet, Borgund, Tyin, Årdal for å nemna nokre stader der me er, eller har vore og levert våre tenester siste året.

Sommaren 2021 vart enno meir hektisk innanfor turistnæringa enn året før, ikkje minst var regionen Voss/Hardanger nok ein gong ein av vinnarane i kampen om dei norske turistane.

Fleire og fleire av kundane til IHM er miljøsertifiserte og ynskjer meir hjelp frå oss m.h.t sortering, avfallsreduksjon og dei er opptekne av kvar det vert av avfallet etter at me har henta det inn.

Takk til kundar og eigarar for eit godt samarbeid i 2021.

Bjørkemoen, 09.03.2022

Jon Grønsberg
Dagleg leiar



Soloppgang på Bjørkemoen.

Representantskapet

Indre Hordaland Miljøverk har eigarkommunane Eidfjord, Ulvik og Voss. Kommune-/heradsstyret utnemner sine medlemmer i representantskapet som er selskapet sitt øvste organ.

Representantskapet har til saman 9 medlemmer. Representantskapet skal handsama årsmelding og rekneskap, budsjett, økonomiplan, framlegg til gebyrendringar mm. Det vel og styret med leiar og nestleiar, og valnemd. Leiar i representantskapet vert valt mellom medlemene i representantskapet annankvart år. Det har vore 2 møter i representantskapet i 2021, 29. april og 28. oktober.

I valperioden 2021–2023 har representantskapet fylgjande medlemmer:

Kommune/herad	Medlem	Personleg vara
Ulvik	Hans Petter Thorbjørnsen Jens Olav Holven	Stig Yngve Røkenes Reidar Meel
Eidfjord	Lars Kristian Eidnes Svein Hop	Gunn Hordvik Sandvik Timo Knoch
Voss	Hans-Erik Ringkjøb Annlaug H. Säkvitne Sveinung Klyve Elin Seim Knut Ståle Kvissel	Iiril S. Johansen Morten Samskott Dag Sandvik Odd H. Hommedal Ruth Jørgensen

Jens Olav Holven er leiar i representantskapet



Nyttig informasjon vart sendt ut til vår og haust. Jon Almeland viser vårutgåva.



Frå venstre: Stein Kvarekvål, Sveinung Sandvik, Clara Maria Nygaard, Øyvind Birkeland, Ronny Lunestad.
Anne Rivenes var ikkje til stades då biletet vart tatt.

Styret

Styret vert vald av representantskapet for 2 år om gongen. Det er ein medlem frå kvar kommune, Voss har to. Forvaltninga av selskapet høyrer inn under styret.

Styret skal syte for at selskapet har ein tenleg organisasjon og sjå til at selskapet vert drive i samsvar med lov, selskapsavtalen, budsjettet og andre vedtak og retningsliner fastsett av representantskapet. Det har vore 11 styremøte i 2021.

Styret har hatt fylgjande medlemmer og personlege varamedlemmer i 2021:

Kommune/herad	Medlem	Varamedlem
Voss	Stein Kvarekvål Anne Rivenes	Øystein Ormåsen Irene Stana
Eidfjord	Clara Maria Nygaard	Frode Eriksen
Ulvik	Ronny Lunestad	Kari Sandøy
IHM - tilsett	Øyvind Birkeland	
IHM - observator	Sveinung Sandvik	

Stein Kvarekvål er leiar i styret. Clara Maria Nygaard er nestleiar.





Krista Sempelson.


Tilsette

Tilsette pr 31.12.2021


Jon Grønsberg	Dagleg leiar	Krista Sempelson	Prod.medarbeider
Omar Armentano	Økonomileiar	Ingebrigt Tveite	Prod.medarbeider
Einar Skeie	Arbeidsleiar	Kjartan Jordalen	Prod.medarbeider
Ole Rune Røkenes	Transportleiar	Jon Almeland	Prod.medarbeider
Bjarte Nedkvitne	Leiar Næring	Birthe Tveite	Prod.medarbeider
Øyvind Birkeland	Leiar Miljø og Utvikling	Jon Sverre Nesheim	Prod.medarbeider
Anita Traa	Leiar hushald	Svein Inge Grindeland	Prod.medarbeider
Sven Gunnar Ramstad	Drifts- og HMS-leiar	Kjell Brøto	Prod.medarb. transport
Bente Røyrbotten	Prod.medarbeider vekt/mottak	Sondre Nesheim	Prod.medarb. transport
Gerd Røthe Lid	Kundehandsamar næring	Olav Kyte	Prod.medarb. transport
Linn Tove Øystese	Kundehandsamar næring	Anders Mykkeltvedt	Prod.medarb. transport
Omar Ahmad	Kundehandsamar næring	Andreas Haugen	Prod.medarb. transport
Silje Nesheim	Controller	Kjell Gjerme	Prod.medarb. transport
		Sveinung Sandvik	Prod.medarb. transport
		Jan Ove Teigen	Prod.medarb. transport
		Erlend Fykse	Prod.medarb. transport
		Bernt Gunnar Ringheim	Prod.medarb. transport
		Roy Andre Hosås	Prod.medarb. transport

Avfallsstatistikk

Avfall frå hushalda, henta heime og levert på miljøstasjonen
Kg per innbygger fordelt på fraksjon



Kg avfall per innbygger
(justert for hytter)




Fordeling på behandlingsform
(KOSTRA)





Total avfallsmengde hushald og næring i tonn



Tegl og takstein, 55
 R: Ristigods, 13
 A: Akke, slag- og støv (ikke sp. avf.), 11
 D: Dyrekadaver, 10
 B: Bildekk, 9
 B: Båtar o.l., 7



IHM oppfordrar våre abonnentar å nytta papirposar til matavfallet. Dette gjeld og til våre hytteabonnentar der det er mogleg å levere matavfall. Olav Kyte er på stand ved molokar ved Tråstølen hyttereturpunkt.



Molok Helgatun - hytteavfall under bakken. IHM har etablert 5 punkt med nedgravde avfallsøysingar for hytteavfall. I 2021 var det Tråstølen og Helgatun som fekk denne løysinga på plass.

Årsmelding 2021

Arbeidsoppgåver

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Ulvik og Voss. Hovudanlegget til verksemda ligg i Voss kommune. IHM utfører oppgåver innan avfallssektoren som kommunane er pålagde etter forureiningslova. Desse oppgåvene er delegerte til IHM ved selskapsdanninga. Gjennom dei etablerte ordningane for gjenvinning og slutthandsaming arbeider IHM for å nå dei mål som styresmaktene har sett for avfallspolitikken. Men det vert også arbeid for å påverke rammevilkåra når IHM meiner det er til gagn for bransjen og selskapet. IHM arbeider også innan tilgrensande område og er opptatt av næringslivet si haldning til – og utnytting av ressursar.

Dei etablerte ordningane kan kort oppsummerast slik:

- Hente- og bringeordningar for hushald og næringsliv
- Avfallsmottak i alle medlemskommunane
- Sal av avfall til ombruk og gjenvinning
- Slutthandsaming
- Informasjon og rådgjevingstenester

Økonomi

Rekneskapen er gjort opp med eit overskot på MNOK 7,9 før skatt. IHM har i 2021 hatt inntekter på om lag MNOK 78,3 ein auke på 7,0 % samanlikna med året før, og 18,92 % over budsjettet. Driftskostnadene er på MNOK 69,0 ein reduksjon på 6,55 % frå 2020. Kostnadene er 0,22 % høgare enn budsjettet. Gebyrinntektene utgjør 43,71 % av totale inntekter og er omlag 14,35 % lågare enn i 2020. Andre driftsinntekter er høgare med omlag 10,51 % samanlikna med fjoråret. Innsamling, transport og handsaming av avfall utgjør 38,78 % av samla driftskostnader, 12,07 % meir enn budsjettet. Personalkostnadene er 1,66 % lågare enn budsjett. Avskrivningane er lågare med om lag 12,09 % samanlikna med fjoråret. Avskrivningane utgjør 7,52 % av driftskostnadene. Jf. forskrift om deponering av avfall, vert det stilt krav til vedlikehald, overvaking og kontroll i etterdriftsfasen. Etterdriftsfasen vert rekna til ein periode på minst 30 år. IHM har per 31.12.21 sett av MNOK 13,5 til etterdrift. Med utgangspunkt i den framlagde rekneskapen, meiner styret at grunnlaget for vidare drift er til stades.

Soliditet

Totalkapital var på om lag MNOK 77,7 ved utgangen av 2021, en auke frå 2020 på om lag MNOK 6,7. Eigenkapital utgjør 38,81 % av dette. Eigenkapitalen er høgare med 40,45 % samanlikna med året før.

Finansiell risiko

Låneopptak

Den langsiktige gjelda til kredittinstitusjonar utgjør MNOK 18,5. IHM har kommunale garantiar med ei låneramme på MNOK 42 jf. selskapsavtalen med eigarkommunane.

Påverknad på ytre miljø

IHM si drift vert regulert av krav som Statsforvalteren i Vestland stiller i konsesjon til drift. I konsesjonen er IHM pålagt å føre tett overvaking av verksemda si påverknad av miljøet. Dette omfattar både utslépp til luft, grunn, overflatevatn og anna påverknad av nærmiljøet som støy, støv, skadedyr og lukt. Gjennom vårt arbeid med å tilfredsstille miljøstandarder ISO 14001:2015 syter vi for systematisk oppfølging av desse krava.

Statsforvalteren i Vestland gjennomførte i 2021 tilsyn ved mange deponi i fylket, også IHM sitt deponi på Bjerkemoen. Tilsynet resulterte i 3 avvik som IHM har gjeve svar på innan frist.

IHM sitt overvåkingsprogram av påverknaden på grunnvatn og overflatevatn vart i 2021 revidert og det vart lagt til ein del prøvepunkt og nokre prøveparameter. Det vart i 2021 utarbeidd ein rapport som kartla gode plasseringar av prøvebrønner for grunnvatn. Dette arbeidet vart gjennomført av 4 studentar ved HVL under rettleiing av innleigd konsulent. Det vart deretter etablert 3 nye prøvepunkt derav eitt som fungerer som referanse oppstrams. Til saman utgjør desse endringane ei vesentleg oppgradering av overvakinga av påverknaden frå deponiet. Oppsummering av påverknaden vert gjennomført og publisert av Rådgivende Biologer AS.

Prøveprogrammet omfattar også analysar av ureina og reinsa sigevatn frå deponiet, m.a. for å overvaka reinsegraden på membranane i reinseanlegget. Membranane i reinseanlegget vart hausten 2021 skifta etter 6 år i drift.

I 2021 samla deponigassanlegget 70,2 tonn metan. Dette er ei auke på 13% frå året før. Dette føl utviklinga dei siste 6 åra med ei god auke. Til tross for den naturlege nedgangen i metanproduksjon har ein ved aktiv innsats klart å fanga opp 50% meir av deponigassen sidan 2016. Ved å brenne metangassen i fakkell vert CO₂ utsléppet ein 25. del av kva det ville vore ved å sleppe metangassen ut. IHM sitt totale utslépp av klimagassar vert som ein del av vårt medlemskap i nettverket Klimapartnere Vestland presentert i eit felles klimaregnskap. Dette er venta å vera klart i mai.

Arbeidsmiljø, sjukefråvær og likestilling

IHM hadde 31 fast tilsette pr 31.12.2021. Til saman 32,6 årsverk vart utført. Av dei tilsette er 22,5 % kvinner. I styret er kvinneandelen 50 %. Verksemda ser det som viktig å sikre og variasjon i alderssamansetnad for å oppnå eit alsidig og godt arbeidsmiljø. IHM er medlem i Bedriftshelse1. Sjukefråværet utgjorde 9,69% i 2021 mot 3,33% i 2020. Dette talet er høgt og me finn utviklinga uheldig. Det er verd å merke seg at korttidsfråvær/ eigenmeldt sjukefråvær (1–3 dagar) også i 2021 er lågt med 0,63%, mot 0,56 % i 2020. Me finn desse tala gode, særleg med omsyn til at korona til ei viss grad også har påført oss karantene.

Det har i 2021 vore 2 tilfelle av skade med fråvær under



arbeid. Det vert sett fokus på arbeidsmiljø gjennom verksemda sitt HMS-arbeid. IHM er sertifisert etter ISO 45001:2018 og har med dette eit styringssystem for arbeidsmiljø som er i samsvar med Internkontrollforskrifta av 1997 på alle punkt. Det er stor merksemd på førebyggjande arbeid, m.a. vernerundar og risikovurderingar.

Resertifisering jamfør ISO 9001:2015, ISO14001:2015 og ISO 45001:2018. vart gjennomført oktober 2021. Sertifiseringsorgan er NEMKO.

ISO-sertifisering

Styret i Indre Hordaland Miljøverk IKS

Voss, 28. mars 2022

Stein Kvarekvål
- styreleiar

Clara Maria Nygaard
- nestleiar

Øyvind Birkeland
- styremedlem

Ronny Lunestad
- styremedlem

Anne Rivenes
- styremedlem

Jon Grønsberg
- dagleg leiar





IHM på veg for ei rein oppleving.



Stand i Vangsgata under Smalahovesleppet. Mange besøkande – bos er ikkje berre bos. Her er Anita Traa og Birthe Tveite.



Ingen hemmelegheit at sidelastarane har to kammer...



Flotte stablar med nye dunkar.



I september hadde IHM fint besøk frå klima og miljøvernminister Sveinung Rotevatn. Han kom for å høyre om det planlagte Biogassanlegget til IHM og BIR på Voss.



Lift og sidelastar møtes. Olav Kyte og Roy Andre Hosås.



Balanse 2021

Voss, 28. mars 2022

Stein Kvarekvaal
- styreleder

Ulla Marie Nygaard
- nestleder

Øyvind Birkefeld
- styremedlem

Romy Lunestad
- styremedlem

Anne Rivenes
- styremedlem

Jon Grønberg
- daglig leder

EIGEDLAR	NOTE	TOTALT		NÆRING	
		2021	2020	2021	2020
Anleggsmidler					
Immaterielle eigedelar	8	3 143 670	2 425 887	3 143 670	2 425 887
Varige driftsmidler	4	25 236 447	30 593 079	5 443 385	7 553 916
Finansielle anleggsmidler	6	1 475 460	6 968 494	203 813	6 551 840
Sum anleggsmidler		29 855 577	39 987 460	8 790 868	16 531 643
Omløpsmidlar					
Varer		688 530	1 276 850		
Fordringar		5 293 059	5 978 965	4 232 930	4 783 822
Forsk. betalte kostnader oa.		430 289	1 248 976	145 511	479 281
Kontantar, bankinnskott		41 451 482	22 504 013	7 764 598	4 215 409
Sum omløpsmidlar		47 863 360	31 008 804	12 143 039	9 478 512
SUM EIGEDLAR		77 718 937	70 996 264	20 933 907	26 010 155
EIGENKAPITAL OG GJELD					
Eigenkapital					
Sjølvkostfond	10	-12 960 766	7 622 719	-12 960 766	-7 622 719
Innskoten eigenkapital	7,1	-100 000	100 000	-100 000	-100 000
Opplent eigenkapital	10	-17 103 669	13 753 880	-12 158 374	-4 912 066
Sum eigenkapital		-30 164 435	21 476 599	-25 219 140	-12 634 785
Gjeld					
Avsejning forpliktingar	11	-20 814 059	19 777 061	-13 255 596	-12 614 182
Anna langsiktig gjeld	5	-18 500 780	21 213 410	-13 420 547	-15 388 300
Kortsiktig gjeld	12	-8 239 663	8 529 194	-4 201 217	-4 348 842
Sum gjeld		-47 554 502	49 519 665	-30 877 360	-32 351 324
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		-77 718 937	70 996 264	-21 622 637	-26 010 155

Notar til rekneskapen 2021



Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir leverte.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadane mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte.

Klassifisering og vurdering av anleggsmidlar

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Avskrivingsperioden for fast eigedom som er kjøpt etter 2009, er dekomponert i ein del som gjeld råbygget, og ein del som gjeld faste tekniske installasjonar. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigåande. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Klassifisering og vurdering av omløpsmidlar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen, og postar som gjeld varekrinsløpet. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

Varer

Varer er vurderte til det lågaste av innkjøpskostnad og netto salsverdi.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp til pålydande verdi etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

Pensjonsforpliktingar

Pensjonsforpliktingar som er finansierte over drifta, er rekna ut og balanseført under avsetning for forpliktingar. Pensjonsordningar som er finansierte via sikra ordningar, er ikkje balanseførte. Pensjonspremien blir i desse tilfella rekna som pensjonskostnad og klassifisert saman med lønskostnader.

Garanti

Det er sett av midlar til forventa garantikostnader. Garantiavsetninga er i balansen oppført under anna kortsiktig gjeld.

Note 1. Salsinntekter

	2021	
Renovasjonsgebyr	34 253 755	39 994 875
Næringsabonnentar	2 089 305	1 440 082
Mottak av avfall	11 347 677	12 588 873
Transport/containerleige	12 690 213	12 371 342
Gjenvinning (sal avfall)	7 509 612	5 085 461
Diverse inntekter	10 472 955	1 752 753
Sum	78 363 516	73 233 387



Note 2. Driftskostnader

Posten "Avfallshandsaming" er slått saman av:

	2021	
Avfallsmottak/deponi	6 992 161	7 147 246
Gjenvinningsordningar	2 944 532	3 144 896
Vedlikehald leigemaskin, sorteringsutstyr	5 638 254	6 527 877
Sum driftskostnader	15 574 948	16 820 018

Note 3. Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønskostnader	2021	
Løningar	20 575 872	24 868 705
Arbeidsgjevaravgift	3 451 957	3 801 910
Pensjonskostnader	2 945 869	2 904 383
Andre ytingar	458 392	464 468
Sum	27 432 090	32 039 466

Selskapet har i 2021 sysselsett 32 årsverk.

Pensjonsforpliktingar

Kommunal Landspensjonskasse (KLP), arbeidsgjevar sin del av premie til pensjon og AFP. Det er ikkje gitt lån til dagleg leiar, styre eller tilsette.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	
Løn	963 912	341 526
Pensjonskostnader	19 012	0
Anna godtgjering	5 493	0
Sum	988 417	341 526

Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2021 utgjer kr 24 000. I tillegg kjem honorar for andre tenester med kr 0.

Note 4. Anleggsmiddel

	Bygningar og tomter	Maskiner og anlegg	Driftslausøre, inventar o.l.	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.20	41 516 625	1 403 042	13 375 908	56 295 575
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel	732 525	300 136	3 267 963	4 300 623
- Avgang i året	4 096 729	300 136	877 400	5 274 265
= Innkjøpskostnad 31.12.20	38 152 421	1 403 042	15 766 471	55 321 933
Akkumulerte avskrivningar 31.12.20	20 089 444	502 045	9 493 997	30 085 486
= Bokført verdi 31.12.20	18 062 977	900 996	6 272 473	25 236 447
Ordinære avskrivningar dette året	3 197 660	301 340	1 688 958	5 187 958
Økonomisk levetid	0-25 år	5 år	3-10 år	
Avskrivingsplan			saldo 10 %	

Note 5. Fordringer, gjeld og garantiplikt

Utestående krav og leverandørgjeld er ført i balansen med pålydande. Det er teke opp lån i 2019 på 13,0 mill. kr med nedbetaling over 20 år. IHM tok i 2012 opp lån på 10,0 mill. kr med nedbetaling over 16 år. Dette er lagt til inngått lån i 2011 på 6,0 mill kr. Det er tidlegare inngått lån med ramme på kr 20,5 mill kr, nedbetaling over 20 år. I 2021 er det betalt kr 2 712 630,- i avdrag. I 2021 har IHM stilt ein garanti på MNOK 2,6 som er rekkefølgekrav i samband med utbygging av kommunal veg på Bjørkemoen.

Den langsiktige gjelda utgjer kr 18 500 780,- ved utgangen av året. IHM har pr. 31.12.2021 kommunale garantiar for lån på kr 42,0 mill., jf. selskapsavtale gjeldande frå 29.10.2020.

Note 6. Finansielle anleggsmidlar

Aksjar tilknytt selskap	Forretningskontor	Eigarandel	Stemmedel	Balanse pr 31.12.18
Biosirkel Vestland AS	Voss/Bergen	40 %	40 %	800 000
Andre aksjar				
Retura AS	Oslo	< 1 %	< 1 %	182 495

Note 7. Interessekapital

IHM sin interessekapital er innbetalt av medlemskommunane på grunnlag av folketalet pr 01.01.92:

Kommune	Folketal	%	Del av interessekapital
Eidfjord	1 080	6,3	6 300
Ulvik	1 251	7,3	7 300
Voss	14 727	86,4	86 400
Sum	17 058	100	100 000





Note 8. Skatt

Skattekostnad dette året	2021	2020
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	0	150 932
Endring i utsett skattefordel	-717 783	-351 153
Skattekostnad ordinært resultat	-717 783	-200 221
Skattepliktig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	-4 614 302	-3 096 371
Permanente skilnader	1 351 654	1 500 395
Endring i mellombelse skilnader	3 043 396	572 013
Skattepliktig inntekt	-219 252	-1 023 963
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	0	0
Sum skatt i balansen som skal betalast	0	0
Berekening av effektiv skattesats:		
Resultat før skatt	-4 614 302	-3 096 371
Berekn skatt av resultat før skatt	-1 015 147	-681 202
Skatteeffekt av permanente skilnader	297 364	330 087
Sum	-717 783	-351 115
Effektiv skattesats	15,6 %	11,3 %

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader.

	2021	2020	Endring
Varige driftsmiddel	321 970	2 969 864	2 647 894
Fordringar		-82	-82
Avsettingar mv	-7 558 462	-7 162 879	395 583
Sum	-7 236 492	-4 193 097	3 043 395
Akkumulert underskott som kan framførast	-7 052 996	-6 833 744	219 252
Grunnlag for utsett skatt	-14 289 488	-11 026 841	3 262 647
Utsett skatt (22%)	-3 143 670	-2 425 887	717 783

Note 9. Disposisjon av årsresultat

Årsresultat i år 2021 vert føreslått nytta på følgjande måte (jf. styremøte 28.03.22 sak 17/22)

Overføring frå sjølvkostsfond hushald	kr	-5 338 047
Overføring til Hushold annan EK	kr	-7 246 308
Overføring frå Næring annan EK	kr	3 896 519
Sum overføringer	kr	-8 687 836

Note 10. Eigenkapital

Sum eigenkapital pr 31.12.2021 inneheld desse postane

Sjølvkostsfond Hushald	kr	12 960 766
Innskoten eigenkapital	kr	100 000
Hushald annan EK	kr	12 158 374
Næring anna EK	kr	4 945 295
Sum	kr	30 164 435



Note 11. Forpliktingar

	2021
Denne posten omfattar fylgjande:	
Fond til etterdrift	kr 1 000 000
Avsetjing til utviding av deponi	kr 2 828 014
Avsetjing til avslutning og tildekking av deponi	kr 1 328 198
Deponi, etterdrift	kr 13 554 987
Voss Kommune sin del av sigevassrenseanlegg	kr 502 860
Avsetjing til forbehandling	kr 1 600 000
Sum	kr 20 814 059

Jf. rettleiar til forskrift om deponering av avfall kan det verte stilt krav om topptetting dersom forureiningsstyremaktene meiner dette er nødvedig. Jf. Forskrift om deponering av avfall, vert det stilt krav til vedlikehald, overvåkning og kontroll i etterdriftsfasen. Etterdriftsfasen vert rekna til ein periode på minst 30 år. For 2021 er det sett av 1 mil. kr til avslutning og etterdrift. Samla sett er det no i rekneskapan avsett 13 554 987,- til etterdrift (sum av fond og avsetjing forpliktingar). Det er krav om å stille finansiell garanti for etterdrift. Det er oppretta ein eigen bankkonto til dekning av etterdriftskostnader. Ved utgangen av 2021 var det sett av om lag kr 12 578 966,- (inkl. renter).

Note 12. Kortsiktig gjeld

Denne posten omfattar fylgjande:

Leverandørgjeld	kr 3 682 780
Skuldige offentlege avgifter	kr 1 742 768
Anna kortsiktig gjeld	kr 2 814 116

Note 13. Sjølvkostfond

a. Direkte driftskostnader	34 117 181
b. Henførbare indirekte driftskostnader	
c. Kalkulatoriske rentekostnader	391 789
d. Kalkulatoriske avskrivninger	2 435 293
e. Andre inntekter og kostnader	-7 829 199
f. Gebyrgrunnlag (a+b+c+d+e)	29 115 064
g. Gebyrinntekter	34 253 755
h. Årets sjølvkostresultat (g-f)	5 138 691
i. Avsetning til sjølvkostfond og dekning av framførbart underskot	5 138 691
j. Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot	0
k. Kontrollsum (subsidierring) (h-i+j)	0
l. Saldo sjølvkostfond pr. 1.1 i rapporteringsåret	7 622 719
m. Alt. ved bundet kap. på sjølvkostfond/framføring av underskot	199 357
n. Saldo sjølvkostfond pr 31.12. i rapporteringsåret (l+m+i-j)	12 960 766

Netto auking av sjølvkostfond i 2021 er på kr 5 338 047



VESTLANDS revisjon

Til representantskapet i
Indre Hordaland Miljøverk IKS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon med atterhald

Vi har revidert Indre Hordaland Miljøverk IKS sin årsrekneskap som viser et overskot på kr 8.687.836. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår mening

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gir årsrekneskapen eit dekkande framstilling av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021 og av resultat for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge, med unntak av verknad av forhold som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjon med atterhald»

Grunnlag for konklusjon med atterhald

Selskapet har ved endring av eigarsamansetninga seld anleggsmidlar til utmeld eigar jf. avtale. Det er ikkje dokumentert at selde driftsmidlar høyrar til anleggsgruppa som er redusert i balansen. Verdien er redusert med om lag kr. 3.088.000,- i bokført verdi anleggsmidlar. Inntekta burde etter vårt syn vore tilsvarande høgare. Saka har også påverknad på avsetnad til sjølvkostfond.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert samen med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i årsrapporten. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom

Avdeling Knarvik
Kvassnesvegen 23, 5914 Isdalstø
Telefon 99 72 61 68

Avdeling Voss
Miltzowgate 2, 5700 Voss
Telefon 98 64 45 70

Føretaksregisteret
NO 925 841 153 MVA

www.vestlandsrevisjon.no
post@vestlandsrevisjon.no

■ VESTLANDS revisjon

årsmeldinga, anna ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga og anna ytterlegare informasjon elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga eller anna ytterlegare informasjon tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gir ei dekkande framstilling i samsvar med rekneskapslova sine regler, tilleggsbestemmingar i lov om interkommunale selskaper, forskrift om årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for interkommunale selskaper og god regnskapsskikk i Norge. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeiding av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet sin evne til fortsett drift og opplyse om forhold av betydning for fortsett drift. Forutsetninga om fortsett drift skal vera lagt til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at selskapet vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver¹ og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar, basert på årsrekneskapen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Voss, 25.03.2022

Elin Bye

Statsautorisert revisor

(elektronisk signert)

¹ <https://revisorforeningen.no/fag/ny-revisorlovgivning/nyheter-ny-revisorlov/revisors-oppgaver-og-ansvar/>





Rein, kvit natur

– det er slik me vil sjå vinteren

Foto: Svein Ulvund



Indre Hordaland Miljøverk | Bjørkemoen 60, Voss | +47 56 52 99 00 | ihm@ihm.no | www.ihm.no